

**Veit du kva som er skilnaden mellom ein enkeltbekkasin og ein dobbeltbekkasin? Jau, 2 halefjører.**

**Naturfotograf Jan Rabben kom med denne opplysinga då han i kveld i Rosendal presenterte dyre- og fuglelivet i Nasjonalparken gjennom foto og lyd. Igjen imponerte han stort både med både bileta og ein utruleg detaljkunnskap. Hans sterke naturvern-engasjement slo sjølvsgagt også igjennom, til dømes då han omtala situasjonen for havørna.**

No er det truleg berre 3-4 par i Kvinnherad, men Rabben meinte det er plass til 30 par her sett i samanlikning med situasjonen lenger nord der bestanden har teke seg opp. No er det rundt 4000 par i landet. Men Rabben kritiserte sterkt det som er skjedd på Smøla i konfrontasjonen mellom havørna og vindmøllene.

Han kom også inn på dei konsekvensar utbyggjinga av småkraftverk har for nasjonalfuglen fossekallen. Og han meinte at mykje av debatten er snudd på hovudet idet han slo fast at viltet i dag er ein opplevelsesressurs.

Fotografisk vandra Rabben systematisk frå fjord til bre i sin presentasjon av fuglane, og så aktuell var han at han kunne slå fast at kva for artar som no er på plass att hos oss etter turen frå syd.

Den evige debatten om måltrasten eller svarttrasten syng vakrast avgjorde kåsøren ved å kalla den siste for meistersangaren og skogens melankolikar som sjeldan gjentek seg sjølv.

Kattuglebestanden var han redd for fordi det har vore så lite mus i det siste.

Av Ola Matti Mathisen  
Foto: Jan Rabben